



REFERAT - PROSJEKTGRUPPA 10.05.2019

Telefon- / videomøte kl 9:30 - 10

Deltakarar:

Bremanger	Bjørn-Henry Marthinussen
Vågsøy	Juan Diaz
Gloppen	Per Ove Fosshem, einingsleiar kommunal teknikk
Fylkeskommunen	Staffan Hjohlman, vassområdekoordinator

Bakgrunn for møtet (kopiert frå innkallinga):

Du kanskje har behov for å konferere litt med dei andre i prosjektgruppa om høyringa av planprogram og hovudutfordringar?

Eg tenkte og følgje opp punkt 19 på aktivitetsplanen for Nordfjord vassområde:

19. Orienter kommunane om vassforvaltningsarbeidet, til dømes ved deltaking på eigne møte med administrasjonen og folkevalde, møte i utval, kommunestyre m.m.

Viktige grunnar til at dei folkevalde kjenner til kva vi balar med innan vassforvaltninga:

1. Grunnlag for å kunne gi høyringsinnspel til hovudutfordringar i vassområdet og vassregionen og planprogram (høyring 01.04. – 30.06.2019)
2. Grunnlag for å kunne gi høyringsinnspel til regional vassforvaltningsplan 2022 – 2027 med tiltaksprogram (høyring 01.10 – 31.12.2020)
3. Vere budde på politisk behandling for å iverksette tiltak for å nå miljømåla og førebygge ei negativ utvikling, til dømes behandling av kommunale planar, lokal forskrift om spreidde avløp, tilsynsgebyr, utbygging av kommunalt avløpsnett.

Eg spekulerer på kva som er beste tidspunkt for slik orientering, og kva for forum (kommunestyre, utval, politikardag...), og vil gjerne få synspunkt frå deg.

Bør den vere i høyringsperioden til og med 30. juni? Er det andre saker på gang i din kommune som angår vassforvaltninga (planar, forskrifter...)? Når er eit høveleg tidspunkt med tanke på kommunevalet? Kan du finne ut om og når det er planlagt politikardag i din kommune? Andre ting å ta omsyn til?

Møtet 10.05.2019:

Gloppen kommune (Per Ove): Neste høve for å orientere folkevalde er kommunestyremøte er 20. juni. Dette blir for seint i høyringsperioden. Administrasjonen har ikkje høyringsinnspel å presentere til politisk behandling. Det vil vere meir formålstenleg å orientere det nye kommunestyret etter valet 2019, på politikardag i oktober. Ein oppfyller då grunn nr 2 og 3 over for å orientere dei folkevalde.

Vågsøy kommune (Juan): Vil ta opp med rådmannen om det skal haldast orientering om vassforskrifta og vassforvaltningsarbeidet for dei folkevalde, og i tilfelle kven som skal halde

Møte i prosjektgruppa for Nordfjord vassområde 10.05.2019 - Referat

Side 1 (av 2)

Nordfjord vassområde



orienteringa. Staffan står til rådighet, om ønskeleg. Staffan spelte inn at orienteringa evt kan samordnast med politisk behandling av ny kommunedelplan for avløp og miljø.

Bremanger (Bjørn Henry): Vil ta opp med rådmannen om det skal orienterast. Er elles samd med Per Ove om å halde orientering for nyvalde politikarar på politikardag i oktober.

Nytt møte: Sidan berre 4 av i alt 9 medleamar i prosjektgruppa deltok dette møtet, var det semje om at Staffan kaller inn til nytt møte torsdag 16.05.2019.

Staffan Hjohlman
ref.

Nordfjord vassområde

